



## Samarbeidsavtale

### *Partane*

Voss herad og Kirkens Bymisjon.

### *Avtalen gjeld*

- Arbeids- og aktivitetstilboda «I jobb» for målgruppa personar med utfordringar knytt til rus
- «Ung i jobb» for målgruppa unge vaksne som på grunn av rus, psykisk helse eller andre årsaker ikkje er i utdanning og eller arbeid
- Gratis lån av sports- og fritidsutstyr «Skattkammeret» for målgruppa born og unge opp til 18 år

### *Grunnlag for avtalen*

Til grunn for samarbeidsavtalen ligg:

- *Oppfordring frå NAV Voss til Kirkens Bymisjon i Bergen om etablering av eit arbeidstilbud for personar med utfordringar knytt til rus (2018).*
- *«Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Voss herad 2022-2024»*
- *«Intensjonsavtale mellom Kirkens Bymisjon i Bergen og Rus- og psykiatritenesta vedr etablering av aktivitets- og arbeidstreningstilbudet «I jobb Voss» (datert 4.12.18)*
- *«Intensjonsavtale mellom Kirkens Bymisjon i Bergen og NAV Voss vedr etablering av aktivitets- og arbeidstreningstilbudet «I jobb Voss» (datert 4.12.18)*
- *Driftstilskot til opprettelse av «I jobb Voss» (ref. 18/02713-2, datert 26.11.18)*
- *«Intensjonsavtale mellom Kirkens Bymisjon i Bergen og Voss herad vedr etablering av tilbud til barn og unge» (datert 4.9.20)*
- *«Intensjonsavtale mellom Kirkens Bymisjon i Bergen og NAV Voss vedr bruk av «Ung i jobb» som arena for tilrettelagt arbeidspraksis» (datert 5.1.21)*
- *Løypande samarbeidsmøte mellom kommunalsjef Helse-omsorg, kommunalsjef oppvekst og avdelingsdirektør NAV Voss og Kirkens Bymisjon*



### *Partane sine forpliktingar og ansvar*

For å sikre informasjonsflyt, god kommunikasjon og gjennomføringsevne har partane etablert tre samarbeidsforum:

Ei styringsgruppe bestående av kommunalsjef helse, kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef kultur, regiondirektør NAV og verksemdleiar Kirkens Bymisjon. Styringsgruppa møtest ein gong pr halvår.

- Informasjonsdeling, kartlegging av behov, innspel til økonomi/ budsjett, prioriteringar, organisering, sikre samanheng med andre tilbod i heradet.

Ei koordineringsgruppe for «I jobb» bestående av Kirkens Bymisjon, leiar for avdeling for psykisk helse og rusarbeid, personalressurs, NAV og andre ved behov. Og ei koordineringsgruppe for «Ung i jobb» bestående av Kirkens Bymisjon, leiar for NAVs ungdomsteam og andre ved behov.

Koordineringsgruppene er meir “hands on” og møtest ein gong pr måned.

- Sørge for informasjonsdeling, utvikling av tilbodet, rekruttering, brukarmedverknad, oppfylgingsbehov, og samanheng med andre tilbod for målgruppa i heradet.

### Kirkens Bymisjon (heretter kalla KB) sitt ansvar:

- Driftar “I jobb” og «Ung i jobb» som ein del av KBs verksemd på Voss minst 2 dagar per veke (avhengig av tilstrekkeleg finansiering og personalressursar). Tilboda har oppmøte og base i Bymisjonsenteret i Bonangergata.
- KB har fagansvar for metode, innhald og gjennomføring av tilboda. Dette inkluderer også å sikre god brukarmedverknad.
- KB har økonomiansvar og utarbeider eige budsjett for tilboda. Dette inkluderer ansvar for å søke økonomisk tilskot frå både offentlege og private tilskotsordningar.
- Kallar inn til møter i både styringsgruppa og koordineringsgruppene.
- Sørger for å kople på dei samla ressursane til Kirkens Bymisjon (til dømes bruk av frivillige, faglege nettverk, andre tilbod til målgruppa) der det er aktuelt.
- Bidra til å kartlegga eventuelle nye samfunnsutfordringar og område for vidare samarbeid/ samskaping med Voss herad og NAV.
- Levera årsrapport ved årsskiftet til Voss herad. Årsrapporten skal innehalda informasjon om kva aktivitetar som er gjennomført, tal



Voss herad sitt ansvar:

- Å nytta "I jobb" og «Ung i jobb» som ein del av heradets lågterskeltilbod til personar i målgruppene.
- Å støtte tilboda økonomisk med årlege tildelingar. I perioden 2024 – 2026 utgjer det årlege tilskotet kr 2 mill.
- «I jobb»: bidreg med ein personalressurs frå avdeling for psykisk helse og rusarbeid. Personalressursen arbeider aktivt med å rekruttera deltakarar og fylgja opp deltakarane i tilbodet «I jobb» to dagar pr veke.
- «Ung i jobb»: NAVs ungdomsteam arbeider aktivt med tilbodet, særleg i forhold til informasjon, rekruttering og attføringsfagleg oppfølging av deltakarane.
- Skal sikra at moglegheitene og ressursane i heradet brukast til det beste for målgruppene. Dette gjeld mellom anna NAV, bustadkontor og buoppfølging, stønadshandsaming og tenester i avdeling for psykisk helse og rusarbeid.
- Aktiv deltaking i styringsgruppa og koordineringsgruppene (være representert med personalressurs og representantar frå andre relevante tenester i denne gruppa)
- Bidra til å kartlegga eventuelle nye samfunnsutfordringar, område og metodar (som til dømes samskaping) for vidare samarbeid mellom Voss herad, NAV og Kirkens Bymisjon.

*Avtaleperiode og revidering av samarbeidsavtalen*

Avtaleperioden er 01.01.24 – 31.12.26. Avtalepartane kan søkja om forlenging av avtalen i inntil to år om gongen.

Revidering av samarbeidsavtalen skjer årleg i styringsgruppa, og godkjennast av begge partar før endringane trer i kraft. Dersom ein av partane vil avslutta samarbeidsavtalen må dette skje med minimum 6 månaders skriftleg varsel.

09.11.23

*Kjersti Nordanger*  
Kjersti Nordanger  
Kommunalsjef Helse og omsorg  
Voss herad

*Frode Monsen*  
Frode Monsen  
Kommunalsjef Oppvekst  
Voss herad

*Inge Takle Mæstad*  
Inge Takle Mæstad  
Regionleiar region vest  
Stiftelsen Kirkens Bymisjon

